



**Telemark**  
FYLKESKOMMUNE

# Retningslinjer for skuleskyss



**Vidaregåande  
skule**

## Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

### **Versjon:**

1.0

Godkjent av fylkesdirektørens leiargruppe 22.04.2024.

### **Revisjon:**

# Innhold

<b>1. Forvaltningsrutinar .....</b>	<b>4</b>
1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR).....	4
1.2. Kjeldetilvising.....	4
1.3. Søknad .....	5
1.4. Søknadsfrist .....	6
1.5. Saksbehandling.....	6
1.6. Saksbehandlingstid .....	6
1.7. Klagetilgang .....	7
1.8. Barnet sitt beste og retten til å bli høyrd .....	7
1.9. Omgjering av vedtak.....	8
<b>2. Organisering av skuleskyssen .....</b>	<b>8</b>
<b>3. Skyssrett.....</b>	<b>8</b>
3.1. Skuleskyss mellom heim og skule.....	9
3.2. Skyssgrenser .....	9
3.3. Avstandsmåling dør til dør .....	9
3.4. Tidspunkt for skyss .....	9
3.5. Akseptabel reise- og ventetid.....	10
3.6. Skyss for elevar ved privatskular .....	11
3.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.....	11
3.8. Vaksne elevar .....	11
3.9. Elevar på Vg4 påbygging.....	11
3.10. Lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb .....	12
3.11. Oppfølgingstenesta og/eller alternativt Vg3 utan lære plass .....	12
3.12. Hospitantar .....	13
3.13. Studentar ved fagskular.....	13
3.14. Skyss til/frå behandling .....	13
<b>4. Ulike typar skuleskyss .....</b>	<b>13</b>
4.1. Skyss med kollektivtilbodet .....	14
4.2. Skyss med båt .....	14
4.3. Skolereisekort.....	14
4.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbodet .....	15
4.5. Manglande kollektivtilbod.....	15
4.6. Skyssgodtgjering.....	15
4.7. Tilrettelagd skuleskyss.....	16
<b>5. Bustaden til eleven .....</b>	<b>16</b>
5.1. Folkeregistrert adresse.....	16

## Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

5.2. Hybel eller internat.....	17
5.3. Innlosjering og bortebruarstipend.....	17
5.4. Skuleskyss ved delt bustad.....	18
5.5. Avlastingsbustad.....	19
5.6. Fosterheim.....	19
5.7. Mellombels bustad.....	19
5.8. Elevar busette i institusjon.....	20
5.9. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift.....	20
5.10. Elevar som bur i asylmottak.....	20
5.11. Busette flyktningar.....	21
<b>6. Skulen til eleven.....</b>	<b>21</b>
6.1. Plasseringa av skulen.....	21
6.2. Skyss til yrkesfagleg fordjuping/utplassering i bedrift.....	21
6.3. Alternativ opplæringsarena.....	22
6.4. Gjestelevar.....	22
<b>7. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.....</b>	<b>23</b>
7.1. Skyss for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.....	24
7.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom.....	24
7.3. Krav om legeattest.....	25
7.4. Busstrening for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.....	25
7.5. Elevar i avlastingsbustad.....	26
7.6. Skyss før skuledagen er over.....	26
<b>8. Reisefølgje/ledsager og tilsyn.....</b>	<b>27</b>
<b>9. Andre tema.....</b>	<b>27</b>
9.1. Utstyr.....	27
9.2. Skadar forårsaka av elev.....	28
9.3. Inndraging av retten til skyss.....	28
9.4. Streik.....	28
9.5. Uventa hendingar.....	29
9.6. Trygt og godt skulemiljø.....	29

# 1. Forvaltningsrutinar

Fylkeskommunen har overordna ansvar for lokalt kollektivtilbod og skuleskyss.

I desse retningslinjene blir hovudtrekka i aktuelt lovverk rundt skuleskyss beskrivne.

Retningslinjene kan gi aktuell informasjon om skuleskyss til skular, elevar, føresette og andre interesserte.

Det blir også vist til nettsida vår [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss).

Saksbehandlinga frå fylkeskommunen blir utøvd i tråd med dei til kvar tid gjeldande lovene, reglar og retningslinjer for skuleskyss.

## 1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR)

Kjelde: Personopplysningslova artikkel 6 nr. 1 bokstav e), artikkel 9 nr. 2 bokstav g).

Når det blir søkt om skuleskyss, blir det lagra personopplysningar. Grunnlaget for behandlinga av personopplysningar i samband med søknad om skuleskyss, er heimla i personopplysningslova artikkel 6 nr. 1 bokstav e) og artikkel 9 nr. 2 bokstav g). Fylkeskommunen har i tillegg utgreiingsplikt i samsvar med forvaltningslova kapittel 3-5, det vil seie plikt til å få kvar enkelt sak tilstrekkeleg opplyst før vedtak fattast. Alle personlege opplysningar blir forsvarleg lagra og fortruleg behandla.

Når vi behandlar personopplysningar, gjeld ei rekkje lovfesta rettar. Dette gjeld mellom anna rett til å be om innsyn i personopplysningar og rett til korrigering av feilaktige eller ufullstendige personopplysningar. Viss søkjaren ønskjer å få innsyn i personopplysningane sine, kan søkjaren kontakte fylkeskommunen skriftleg på e-post [post@telemarkfylke.no](mailto:post@telemarkfylke.no). Ver vennleg og merk førespurnaden med «Personopplysningar».

Dersom søkjar har innvendingar på måten fylkeskommunen behandlar personopplysningar, kan søkjar klage på behandlinga til datatilsynet. Kontakt datatilsynet på e-post; [postkasse@datatilsynet.no](mailto:postkasse@datatilsynet.no).

## 1.2. Kjeldetilvising

Forvaltningslova  
Opplæringslova  
Prop. 57 L (2022-2023)  
Privatskulelova

## Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

Barnelova  
Barnevernloven  
Barnekonvensjonen  
Vegtrafikklova  
Fagskulelova  
Helse- og omsorgstenestelova  
Skadeerstatningslova  
Personopplysningslova  
Folkeregisterlova  
Forskrift om utdanningsstønad  
Pasientreiseforskrifta  
Lovforarbeid og meldingar frå Stortinget og regjeringa  
Rundskriv, brev, rettleiarar og tolkingsfråsegner frå Utdanningsdirektoratet og aktuelle departement  
Vedtekter for transport med rutegåande busstrafikk i Noreg (fraktvedtekter)  
Regelverk for skuleskyss i Telemark fylkeskommune

Kjeldene omfattar i tillegg til lovføresegnene også tilhøyrande forskrifter og kommentarar. Kjeldetilvisinga er ikkje uttømmmande.

Det kan ha komme lovendringar, tolkingar eller presiseringar, som ikkje er omtalte i denne versjonen av retningslinjene. Ved motstrid mellom gjeldande lovverk og desse retningslinjene, går lovverket alltid føre retningslinjene.

### 1.3. Søknad

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

Søknad om skuleskyss er tilgjengeleg på [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss).

Alle vidaregåande elevar som meiner å ha rett på skuleskyss med kollektivtilbodet, må logge seg inn og søkje om dette. Vedtak om skuleskyss gjeld for inntil eitt skuleår.

Vidaregåande elevar som meiner å ha rett på annan type skyss enn kollektivtilbodet, må kontakte skuleadministrasjonen. Skulen registrerer deretter søknad om skyss for eleven i slike tilfelle. Alle nødvendige vedlegg/dokumentasjon må liggje føre før skulen kan leggje inn søknad, og dokumenta blir lasta opp samtidig med søknad. Søknader som ikkje er fullstendig utfylte eller opplyste, kan bli avslått.

Det må søkjast om skuleskyss på nytt i forkant av kvart skuleår.

## 1.4. Søknadsfrist

### Fortrinninntak:

Søknadsfrist for skuleskyss er 1. april kvart år for elevar som blir tekne inn etter fortrinninntak. Dersom det blir søkt etter denne fristen, kan fylkeskommunen ikkje garantere at skyssen er klar til skulestart i august. Skulen må registrere søknad for elevar i denne gruppa så raskt som mogleg etter at eleven er tildelt skuleplass.

### Ordinært inntak/kollektivtilbod:

Søknad om skuleskyss for elevar som skal reise med kollektivtilbodet er tilgjengeleg på [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss) frå ca. 1.august kvart år.

## 1.5. Saksbehandling

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak i samsvar med føresegnene i forvaltningslova. Det skal gjerast enkeltvedtak før eventuell skyss blir sett i gang. Vedtaket er gyldig for den perioden som blir angitt i vedtaket, inntil eitt skuleår.

Innvilga søknad eit tidlegare skuleår kvalifiserer ikkje til skyssrett seinare skuleår. Dersom reglane eller føresetnadene for skyss blir endra, gir ikkje tidlegare vedtak og praksis presedens (til dømes ved kontrollmåling av avstand eller endring av busstilbod).

Fylkeskommunen skal sjå til at saka er tilstrekkeleg klargjord før enkeltvedtak fattast (utgreiingsplikt). Søkjar er sjølv ansvarleg for at søknaden og eventuell dokumentasjon/vedlegg inneheld alle nødvendige og relevante opplysningar.

Mangelfull dokumentasjon på skyssbehovet til eleven kan føre til at søknaden blir avslått. Nødvendig dokumentasjon må leverast på nytt for kvart skuleår.

Fylkeskommunen sine saksbehandlarar for skuleskyss har teieplikt etter føresegnene i forvaltningslova.

## 1.6. Saksbehandlingstid

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

Søkjar må akseptere saksbehandlingstid før vedtak om skuleskyss er klart.

Fylkeskommunen nyttar saksbehandlingstida til å greie ut saka og gjere vedtak.

Elev/føresette må sjølv organisere eventuell skuleskyss i saksbehandlingstida.

Det skal givast førebels svar dersom ein søknad/føresurnad ikkje kan svarast på i løpet av ein månad frå han er motteken, jf. føresegner i forvaltningslova.

## 1.7. Klageatilgang

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 6, opplæringslova § 29-1

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka innan tre veker frå det tidspunktet vedtaket er gjort kjent for søkerar.

Klage på vedtak gjorde av fylkeskommunen sendast: Telemark fylkeskommune, postboks 2844, 3702 Skien. Klaga blir merka med «skuleskyss», og blir send til fylkeskommunen i konvolutt eller via eDialog (sikker digital post).

Dersom klaga ikkje blir teken til følge, sender fylkeskommunen klaga vidare til behandling hos Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

## 1.8. Barnet sitt beste og retten til å bli høyrd

Kjelde: Opplæringslova kapittel 10, Barnekonvensjonen, forvaltningslova, Udir-2-2019

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12 og forvaltningsloven § 17 presiserer at alle barn har rett til å bli høyrd i saker som omhandlar dei. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn.

Omsynet til eleven sitt beste er ein rett, eit grunnleggjande omsyn og ein saksbehandlingsregel. Eleven sitt beste skal ha større vekt enn andre omsyn, men det vil ikkje nødvendigvis vere avgjerande. I vurderinga av kva som er eleven sitt beste, vil oppfatninga til eleven vere sentral. Det er likevel ikkje alltid at meininga til eleven eller foreldra er til det beste for eleven.

Alle elevar har rett til å bli høyrde i saker som omhandlar dei. Dette gjeld uavhengig av alder eller føresetnader. Det må alltid vurderast om eleven er høyrd godt nok i saka eller om ein må høyre eleven sjølv. Utgangspunktet er at fylkeskommunen skal høyre eleven direkte, men eleven kan også høyrast gjennom objektive personar, foreldre, gjennom brev m.m. Det kan også tenkjast at stemma til eleven kjem tydeleg nok fram i annan dokumentasjon. Eleven har ikkje ei plikt til å uttale seg.



## 1.9. Omgjering av vedtak

Kjelde: forvaltningslova § 35

Fylkeskommunen gjer merksam på at dersom fakta i saka endrar seg eller at vedtaket er gjort på bakgrunn av feil og/eller mangelfulle opplysningar, kan vedtaket endrast eller opphevast med bakgrunn i forvaltningslova § 35. Dette kan gjelde dersom det kjem fram nye opplysningar som er viktige for rettsgrunnlaget.

# 2. Organisering av skuleskyssen

Kjelde: Opplæringslova kapittel 9 og 21, Udir-2-2019, vegtrafikklova

Fylkeskommunen skal finansiere skyss til vidaregåande opplæring i samsvar med opplæringslova.

Skuleskyssen blir utført i samsvar med føresegnene i vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.

Skuleskyss blir fortrinnsvis organisert med ordinær kollektivtransport som buss, båt eller tog.

Fylkeskommunen avgjer om skuleskyssen skal organiserast med kollektivtilbodet eller om eleven må ordne skyssen sjølv mot full skyssgodtgjering.

Fylkeskommunen kan organisere skyssen med eitt eller fleire transportmiddel, det vil seie at byte av transportmiddel kan skje fleire gonger undervegs. Fylkeskommunen kan avgjere at fleire elevar må nytte same skyssmiddel.

Sjå eige punkt for meir informasjon viss eleven ikkje kan bruke kollektivtilbodet på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

# 3. Skyssrett

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-1, 9-1, 21-1, Udir-2-2019

Skyssordninga omfattar vidaregåande elevar som er folkeregistrerte i Telemark fylke, og som er tekne inn til ordinær vidaregåande opplæring etter kapittel 5 i opplæringslova. Elevar som er tekne inn til vidaregåande opplæring har skyssrett etter føresegnene i opplæringslova.

Skyssretten gjeld også for elevar som nyttar seg av retten til omval og har «fullføringsrett».

Deltakarar i den vidaregåande opplæringa for vaksne, har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 9-1 ut det skuleåret som tek til det året dei fyller 24 år.

### 3.1. Skuleskyss mellom heim og skule

Skuleskyss er skyss mellom heim og skule.

### 3.2. Skyssgrenser

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Vidaregåande elevar som har meir enn 6 km mellom heim og skule éin veg har rett til skuleskyss.

Når det er nødvendig, har elevar rett til skyss med båt utan omsyn til avstanden mellom heim og skule.

### 3.3. Avstandsmåling dør til dør

Kjelde: Udir-2-2019, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023) til § 9-1

Ved berekning av avstanden mellom heim og skule, er det den kortaste gangbare/farbare vegen som blir lagd til grunn. Farbar veg kan vere både offentleg og privat veg, gardsveg eller stig. Så lenge det er fysisk mogleg å ferdast til fots, med sykkel eller liknande, vil strekninga vere gjenstand for oppmåling. Det er ikkje kortaste bilveg eller den traseen bussen køyrer som blir lagt til grunn.

Avstanden skal målast dør til dør. Avstanden mellom skulen og heimen skal målast frå inngangsdøra der eleven bur til inngangsdøra på skulen. Dersom det er fleire inngangsdører eleven kan bruke på skulen, skal det målast til døra lengst unna, uavhengig av om eleven faktisk bruker denne døra.

### 3.4. Tidspunkt for skyss

Kjelde: Opplæringslova §§ 9-1, 28-7

Skyssrett gjeld på ordinære skuledagar i samsvar med felles fastsett skulerute. Skuleruta er utarbeidd i samarbeid med eit fagutval i KS (Organisasjonen til kommunesektoren), der fylkeskommunen deltek. Dersom ein skule vel å avvike frå felles fastsett skulerute, må skulen sjølv organisere og betale skyss for avvikande dagar.

## Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

Fylkeskommunen har ansvar for éi reise til skulen og éi reise heim frå skulen pr dag, knytt til den ordinære start- og sluttida til skulen. Den ordinære start- og sluttida til skulen er dei tidspunkt fleirtalet av elevane ved skulen startar/sluttar. Fylkeskommunen dekkjer som hovudregel ikkje skyss utanom desse tidene.

Dersom skulen vel å organisere skuledagen slik at elevar ved same skule startar og/eller sluttar til ulike tider, er skulen økonomisk ansvarleg for ekstra kostnader til skyss. Dette kan til dømes gjelde ved kortare siste skuledag før juleferie/sommarferie, skuleavslutning, kveldsarrangement, forskyvingar i skuletida, fleksibel skuletid eller at elevane jobbar med lekser på skulen.

Skyssen blir organisert ved ordinær skuleslutt også på dagar med heildagsprøver, tentamen eller eksamen.

Kvar enkelt skule er ansvarleg for eventuell skyss i løpet av skuledagen (til dømes ved ekskursjonar, klasseturar, skuleturar og liknande).

### 3.5. Akseptabel reise- og ventetid

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, Udir-2-2019

Skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får akseptabel reisetid.

Ved vurdering av akseptabel reisetid må gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Reisetid blir teken med i vurderinga når bussrutene blir sette opp.

Om morgonen blir reisetida berekna frå eleven reiser heimanfrå og fram til ordinær skulestart. Tilsvarande gjeld ved ordinær skuleslutt om ettermiddagen, fram til eleven kjem til heimen.

Kva som er akseptabel reise- og ventetid blir avgjort etter ei konkret vurdering.

Ved val av vidaregåande skule langt frå heimen, må det akseptast auka reise- og ventetid, og eventuelt transportbyte.

For vidaregåande elevar er hybel eit alternativ dersom reisevegen er for lang til at dagleg skyss blir vurdert forsvarleg. Ved reisetid over 1,5 time éin veg og/eller meir enn 40 km skuleveg, vil eleven kunne søkje om bortebruarstipend frå Statens lånekasse for utdanning.

Ved delt bustad, ved mellombels bustad, ved val av annan vidaregåande skule enn den som ligg nærast og ved val av privat vidaregåande skule langt unna heimen, må det akseptast auka reise- og ventetid og transportbyte undervegs.

### 3.6. Skyss for elevar ved privatskular

Kjelde: Opplæringslova kapittel 22, privatskulelova § 3-7, Udir-2-2019

Elevar ved vidaregåande privatskular som får statsstøtte har rett til skyss etter dei same reglane som elevar ved offentlege vidaregåande skular.

Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar ved private vidaregåande skular gjeld berre innanfor fylkesgrensa i det fylket der eleven er folkeregistrert. Dette vil gjelde uansett grunnen til skyss, også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Auka reise- og ventetid og transportbyte må påreknast som ein konsekvens ved val av privatskule langt unna heimen. Dette gjeld også når eleven har delt bustad.

### 3.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Elevar i vidaregåande skule har ikkje lovheimla rett til skuleskyss på bakgrunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Desse føresegnene i opplæringslova gjeld berre for elevar i grunnskulen.

Elevar i vidaregåande skule som likevel meiner dei har særleg farleg skuleveg på heile eller delar av strekninga, kan søkje om skyssgodtgjering og få saka vurdert av fylkeskommunen.

### 3.8. Vaksne elevar

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-1, 9-1, 18-3, 18-5, kapittel 21

Vaksne som blir teken inn på vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 eller § 18-3, har rett til skyss etter vanlege reglar.

### 3.9. Elevar på Vg4 påbygging

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-1, 5-7, 9-1

Elevar som har fullført og bestått fag- og sveineprøve som ein del av ungdomsretten, kan ha rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse (Vg4).

Elevar på Vg4 har elevstatus, og dermed rett til skyss etter vanlege reglar.

### **3.10. Lærlingar, lære kandidat, praksisbrev kandidat og kandidat for fagbrev på jobb**

Kjelde: Opplæringslova kapittel 7, Udir-2-2019, brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeninga 16.09.2020

Reglane om skyss gjeld ikkje for lærlingar, lære kandidat, praksisbrev kandidat og kandidat for fagbrev på jobb, då desse ikkje blir definerte som elevar. Personar i desse kategoriane har ikkje rett til gratis skuleskyss.

Når lærlingar, lære kandidat, praksisbrev kandidat og kandidat for fagbrev på jobb får undervisning på skulen, gjeld reglane for elevar. Det betyr at dei kan ha rett til skyss mellom heim og skule, dei dagane skuleundervisninga går føre seg.

Ein lærling har skrive ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve.

Ein lære kandidat har skrive ein opplæringskontrakt med ei bedrift, med sikte på ei mindre omfattande prøve (kompetanseprøve) enn ein lærling.

Ein praksisbrev kandidat har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på praksisbrevprøve. Praksisbrevordninga er eit toårig opplæringsløp på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Ordninga går hovudsakleg føre seg i bedrift. Praksisbrev kandidat har i tillegg til opplæring i eit lærefag, yrkesretta opplæring i fellesfaga norsk, matematikk og samfunnsfag.

Ein kandidat for fagbrev på jobb har skrive ein kontrakt om opplæring på grunnlag av allsidig praksis og realkompetanse med sikte på fagprøve eller sveineprøve.

### **3.11. Oppfølgingstenesta og/eller alternativt Vg3 utan lære plass**

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-6, 9-4, Udir-11-2012, Udir-2-2019,

Ungdom med rett til vidaregåande opplæring, som blir følgd opp av Oppfølgingstjenesten, men som ikkje er i opplæring eller arbeid, har ikkje status som elev. Desse ungdommane har ikkje skyssrettar etter føresegnene i opplæringslova.

Ungdom som blir følgd opp av Oppfølgingstjenesten/Talenthus/Kompetansesenter, og som takkar ja til fagopplæring i skule/alternativ Vg3, har elevstatus og rett på skuleskyss etter ordinære skyssreglar. Desse elevane følgjer ikkje felles fastsett skulerute, men har eitt skuleår med 5 vekers ferie. Ordninga gjeld til og med det skuleåret ungdommen fyller 24 år. Deltaking på introduksjonskurs, eksempelvis «Vegen vidare», gir ikkje rett til skyss, då deltakarane ikkje har status som elev.

Vidaregåande elevar som har fullført Vg2, og som ikkje har fått lærlingplass, og som får opplæring på ein vidaregåande skule (alternativt Vg3), har status som elev. Opplæringa er ein kombinasjon av skule- og bedriftsopplæring. Desse elevane har skyssrettar til både skule og bedrift etter føresegnene i opplæringslova. På dagar med skyss til bedrift gjeld reglane for skyss til utplassering.

### **3.12. Hospitantar**

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Ein hospitant har ikkje elevstatus og ingen elevrettar. Hospitantar har derfor ikkje rett til skyss.

### **3.13. Studentar ved fagskular**

Kjelde: Fagskulelova

Føresegnene i opplæringslova gir elevar rett til skyss. Sidan studentar ved tekniske fagskular ikkje blir registrerte som elevar, men som studentar, har dei ikkje rett på skyss.

### **3.14. Skyss til/frå behandling**

Skyss til/frå behandling er ikkje definert som skuleskyss.

Fylkeskommunen dekkjer ikkje skyss i samband med til dømes behandling hos lege, psykolog, fysioterapeut, kiropraktor eller liknande. I slike tilfelle må elev/føresette ta kontakt med behandlar.

## **4. Ulike typar skuleskyss**

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, Udir-3-2011, Udir-2-2019, fraktvedtekter

Skuleskyssen blir organisert i hovudsak med ordinært kollektivtilbod (buss, båt og tog).

I tillegg kan skuleskyssen organiserast med alternativ «lukka» transport som taxi, maxitaxi eller privatskyss/skyssgodtgjering der det manglar ordinært kollektivtilbod, eller som følge av dokumentert særleg skyssbehov for kvar enkelt elev. Alternativ transport er å betrakte som ordinær skuleskyss i rute, der fleire elevar kan samkøyrast.

Det er fylkeskommunen som avgjer kva for eit/kva transportmiddel eleven skal nytte. Det avgjerande er kva som vil vere forsvarleg for kvar enkelt elev. Dette gjeld både kva transportmiddel som blir nytta og korleis den totale skyssen er sett saman.

## 4.1. Skyss med kollektivtilbodet

Skuleskyss skal som hovudregel gå føre seg med det ordinære kollektivtilbodet (buss, båt og tog). Dette gjeld også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Dersom eleven ikkje har kollektivtilbod, er alternativet full skyssgodtgjering.

## 4.2. Skyss med båt

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Når eleven bur slik til at det er nødvendig å nytte båt for å komme til skulen, har eleven rett til slik skyss gratis, uavhengig av avstand mellom heim og skule.

Ved bruk av båt blir eleven utstyrt med skulereisekort.

## 4.3. Skulereisekort

Kjelde: Fraktvedtekter

Vidaregåande elevar søker sjølv om skuleskyss med kollektivtilbodet. Elevar som får innvilga skuleskyss, får skulereisekort utlevert på skulen. Elevar som har hatt skulereisekort i grunnskulen, skal nytte det same skulereisekortet i vidaregåande skule.

Skulereisekortet er personleg, og skal ikkje brukast av andre enn eleven. Korta må takast med kvar dag og skal registrerast på kvar reise.

Skulereisekortet verkar på ordinære skuledagar i samsvar med felles fastsett skulerute. Korta er gyldig for éi reise til skulen og éi reise heim frå skulen per skuledag.

Dersom eleven mistar eller øydelegg skulereisekortet, må eleven sjølv bestille nytt skulereisekort, eventuelt må skulen kontaktast.

Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

Skulereisekortet er fylkeskommunen sin eigedom. Eleven må betale eit erstatningsgebyr på kr 100 før nytt skulereisekort blir laga. Gebyret dekkjer innkjøp, produksjon og utsending av nytt skulereisekort.

## 4.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbodet

Kjelde: merknader til Prop. 57 L (2022-2023)

Ein elev som er innvilga skyss har ikkje rett på skyss frå dør til dør. Det er forventa at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass/haldeplass.

Kva som er rimeleg distanse for kvar enkelt elev må avgjerast etter ei konkret vurdering, der det mellom anna blir lagt vekt på alderen til eleven og framkomme på strekninga.

Skysstilbodet skal dekkje størstedelen av totaldistansen mellom heim og skule.

Fylkeskommunen legg til grunn at funksjonsfriske vidaregåande elevar normalt kan gå 3 km – 3,5 km for å komme til kollektivtilbodet. Gangavstanden er ikkje absolutt og må vurderast som rettleiande i kvart enkelt tilfelle.

Elevar som bur langt frå kollektivtilbodet kan søkje om skyssgodtgjering på strekninga mellom heimen og haldeplassen. Skyssgodtgjering mellom heim og haldeplass er eit tiltak for å korte ned gangavstanden for eleven.

## 4.5. Manglande kollektivtilbod

Vidaregåande elevar som bur slik til at dei manglar kollektivtilbod på heile eller delar av skulevegen, kan søkje om full skyssgodtgjering.

Alternativet til skyssgodtgjering er at eleven flyttar på hybel eller internat nærare skulen.

## 4.6. Skyssgodtgjering

Kjelde: opplæringslova § 9-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023)

Etter avtale med fylkeskommunen, kan føresette/elev ordne skyssen sjølv. I slike tilfelle skal dei nødvendige, faktiske kostnadene til føresette/elev dekkjast. Kostnadene skal dokumenterast. Val av transportmiddel skal avklarast med fylkeskommunen så snart som mogleg etter at eleven har fått tildelt skuleplass, og det må søkjast om skyssgodtgjering. Avstand oppgitt i enkeltvedtak skal leggjast til grunn.



I tillegg til utgifter til drivstoff, skal skyssgodtgjering kunne dekkje utgifter til bompengar, båtreiser og parkering. Tapt arbeidsinntekt blir ikkje dekt. Tilleggsutgifter må dokumenterast. Ved bompasseringar blir det føresett at bilen er utstyrt med bombrikke som gir rabatt ved bompassering.

Det blir ikkje innvilga full skyssgodtgjering dersom eleven kan følgje kollektivtilbodet.

Refusjon av innvilga skyssgodtgjering gjeld frå dato fastsett i enkeltvedtak. Det er derfor vesentleg at det blir søkt i forkant av kvart skuleår.

Skyssgodtgjering blir etterskotsvis utbetalt.

## 4.7. Tilrettelagd skuleskyss

Skuleskyss skal som hovudregel gå føre seg med det ordinære kollektivtilbodet.

Tilrettelagd skuleskyss for vidaregåande elevar blir berre vurdert i dei tilfella der det er dokumentert at eleven har eit særskilt behov for slik transport. I dei tilfella fylkeskommunen innvilgar tilrettelagd skuleskyss, blir samkøyring av fleire elevar i same køyretøy praktisert.

Det kan mellom anna bety at skyssen ikkje går direkte mellom heim og skule, fordi han skal ta opp/setje av andre elevar undervegs. Elevar må forvente at dei må tilpasse seg kvarandre rundt skyssen, og ventetid må påreknast.

Tilrettelagd skuleskyss er å rekne som ordinær skyss i rute. Det inneber at eleven må forhalde seg til oppsette rutetider for transporten, slik som ved bruk av ordinært kollektivtilbod.

# 5. Bustaden til eleven

## 5.1. Folkeregistrert adresse

Kjelde: Folkeregisterlova § 5-1

Med bustad siktar ein til den adressa eleven er registrert med i folkeregisteret.

Når elevar søker om skuleskyss, blir folkeregistrert adresse lagd til grunn for avstandsberekinga.

Ved flytting i løpet av skuleåret pliktar eleven å melde frå til fylkeskommunen. I slike tilfelle må eleven søkje om skyss på nytt.

## 5.2. Hybel eller internat

Kjelde: Opplæringslova §§ 9-1, 9-3

Dersom elevar bur på hybel eller internat, blir hybel- eller internatadressa rekna som bustaden til eleven.

Skyss for elevar innlosjert på hybel eller internat, følgjer dei vanlege reglane for skuleskyss. Elevane pliktar å oppgi hybeladresse når dei søker om skyss. Det er denne adressa som skal leggjast til grunn ved avstandsberekninga.

Elevar som bur på hybel og internat under skulegangen har ikkje rett til skyss heim i helgane. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, som går på skular med helgestengt internat, kan ha rett på skyss heim i helgar dersom heimreiser ikkje blir dekte av skulen.

Elevar som flyttar til eller frå hybel eller internat i løpet av skuleåret, eller på annan måte byter bustad, pliktar å melde frå til fylkeskommunen. I slike tilfelle må eleven eventuelt søkje om skyss på nytt.

## 5.3. Innlosjering og bortebruarstipend

Kjelde: Opplæringslova § 9-3, forskrift om utdanningsstønad

Fylkeskommunen skal hjelpe vidaregåande elevar med å skaffe ein stad å bu dersom elevane ikkje kan nytte dagleg skyss til skulen på grunn av lang eller vanskeleg skuleveg.

Elevane må betale buutgifter sjølv, men kan søkje lån og stipend frå Lånekassa jf. forskrift om utdanningsstønad.

Ein bortebruar er ein som bur på ei anna adresse enn foreldra/føresette.

Det er berre elevar i vidaregåande utdanning, grunnskuleopplæring og lærlingar med ungdomsrett som kan ha rett til bortebruarstipend.

Eleven/lærlingen kan få bortebruarstipend dersom eitt av desse vilkåra er oppfylte:

Avstanden mellom heim og skule/lærebedrift er 40 kilometer eller meir eller at eleven/lærlingen bruker tre timar eller meir på å reise til og frå skulen/lærebedrifta om dagen.

## 5.4. Skuleskyss ved delt bustad

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019, barnelova kapittel 5 og 6

Elevar som har fleire heimar/delt bustad, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.

Elevar som har delt bustad vil vere folkeregistrerte på éi adresse sjølv om dei deler tida mellom to heimar. Formålet med skyssreglane og omsynet til barna det gjeld, tilseier at det avgjerande må vere at barnet faktisk bur to stader.

Retten gjeld for elevar som bur fast og regelmessig i fleire heimar. Retten gjeld også når det ligg føre avtalt/rettsleg avgjerd om fast samværsordning. Improviserte enkeltbesøk, gir ikkje rett til skyss.

Stadfesting og turnus for delt bustad, signert av den/dei foreldra det blir søkt skyss frå, skal sendast saman med søknad om skyss.

Elevar med to heimar kan ha rett til skyss til og frå begge heimane, sjølv om det eine heimen ligg i ein annan kommune eller i eit anna fylke enn skulen eleven går på. Vurderinga av om eleven har rett til skyss, kva som er akseptabel reisetid og kva som er forsvarleg skyss skal avgjerast sjølvstendig og konkret for begge heimane. Det blir føreset at eleven oppfyller andre vilkår for skyss, til dømes avstandskrav.

Ved praktisering av delt bustad må auka reise- og ventetid og eventuelt transportbyte for eleven akseptast som ein konsekvens av føresette sitt val av bustad. Dette gjeld særleg dersom ein av foreldra bur i ein annan kommune/andre fylke.

Vurderingar knytt til forsvarleg reisetid, kan avgrense retten til skyss frå begge bustader. Der eleven har delt bustad og dagleg skyss til ein av heimane ikkje vil vere forsvarleg, må foreldra anten sjølv ordne skyss, revurdere busituasjonen til barnet eller innlosjere barnet.

Eleven har ingen ubetinga rett til å føre med seg ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med delt bustad.

## 5.5. Avlastingsbustad

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), tolkingsfråsegn frå Utdanningsdirektoratet 29.06.15, Udir-2-2109

For elevar som har fått offentleg vedtak om avlasting, blir avlastingsbustaden rekna som eleven sin heim dei dagane eller periodar eleven har fått innvilga avlastingsopphald.

Retten til skyss gjeld når eleven på fast og regelmessig basis er delt mellom foreldreheim og avlastingsheim eller besøksheim som er vedteken eller avtalt med barnevernet eller helse- og omsorgssektoren.

Skyssrett gjeld ikkje i tilfelle der føresette har gjort private avtalar om avlasting.

## 5.6. Fosterheim

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-1, 28-7, Udir-2-2019

Skyss mellom varig fosterheim og skule blir dekt etter vanlege skyssreglar.

## 5.7. Mellombels bustad

Kjelde: Opplæringslova § 28-4, Udir-6-2014, Udir-2-2019

I nokre situasjonar kan ein elev måtte bu utanfor heimen i ein periode. Dette kan til dømes vere på krisesenter, barneverninstitusjon, helseinstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim og mellombels avlastingsbustad. Elevane vil i utgangspunktet ha rett til å halde fram på den skulen dei går på. I dei fleste situasjonar vil elevane ha rett til skyss til og frå den mellombelse heimen dersom vilkåra for skyss er oppfylte. Dette gjeld uavhengig av i kva fylkeskommune den mellombelse heimen ligg. Retten til skyss vil ikkje gjelde private ordningar som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Der det statlege eller kommunale barnevernet har gjort vedtak om at eleven skal bu på krisesenter, barneverninstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim eller mellombels avlastingsbustad, vil det statlege eller kommunale barnevernet som har gjort vedtaket, også ha det økonomiske og praktiske ansvaret for skyssen.

Når det er gjort vedtak om at ein elev skal bu mellombels på helseinstitusjon, er det den fylkeskommunen der helseinstitusjonen ligg, som vil vere ansvarleg for opplæringa for pasientar etter opplæringslova § 28-4. Det inneber også ansvaret for eventuell skuleskyss.

Dersom ein elev i ein periode vel å opphalde seg mellombels utanfor fylkeskommunen, fell eventuell skyssrett bort.

## 5.8. Elevar busette i institusjon

Kjelde: Opplæringslova §§ 28-3, 28-4, barneloven § 10-17, Udir-10-2009, Udir-2-2019

Når det blir gjort vedtak om plassering av elevar i institusjon, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til opplæring, spesialpedagogisk hjelp og skuleskyss. Elevar som bur på institusjon, vil ha rett til å halde fram på den skulen eleven har skuleplass ved.

Dersom eleven kjem frå eit anna fylke, har fylkeskommunen der institusjonen ligg rett til refusjon av utgifter til opplæring og skuleskyss frå heimfylket til eleven.

## 5.9. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift

Kjelde: Opplæringslova §§ 9-1, 28-7

Dersom familien i samband med næringsdrift bur fast fleire stader i løpet av skuleåret, kan eleven ha rett til skyss etter vanlege skyssreglar. Dette gjeld eksempelvis ved stølsdrift eller overnattingsbedrift med sesongdrift, som krev at familien er fast busett på staden delar av året.

Eleven har ikkje rett til skyss viss bustaden berre har funksjon som sommar- eller fritidsbustad.

## 5.10. Elevar som bur i asylmottak

Kjelde: Opplæringslova § 5-1, brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeningen 03.01.2017

Ungdom som er i Noreg, har som hovudregel rett til opplæring. Dette gjeld også asylsøkjjarar.

Ein asylsøkjjar er ein person som har søkt om vern (asyl) i Noreg, og som ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort.

Ungdommar som har rett på vidaregåande opplæring, har rett til skyss etter vanlege skyssreglar.

Ungdom som oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknaden om opphaldsløyve, har likevel berre rett til vidaregåande opplæring når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn 3 månader. Viss ungdommen fyller 18 år i løpet av eit skuleår, har han eller ho rett til å fullføre skuleåret dei har byrja på. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring fram til dato for endeleg vedtak.

Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i Noreg.

## 5.11. Busette flyktningar

Kjelde: Opplæringslova §§ 5-9, 9-1

Ein flyktning er ein person som fyller krava til å få vern (asyl) i Noreg, og som er busett som ordinær innbyggjar i ein kommune.

Personar som har fått opphaldsløyve som flyktning, har dei same rettane til opplæring og skuleskyss som andre elevar.

# 6. Skulen til eleven

## 6.1. Plasseringa av skulen

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Fylkeskommunen har ansvaret for dagleg skyss til/frå den vidaregåande skulen eleven er teken inn på, føresett at eleven oppfyller skyssvilkåra.

Skyssretten gjeld til/frå skulen sin faste geografiske plassering. Elevar ved vidaregåande skular som har to eller fleire avdelingar, har skyssrett til den avdelinga eleven tilhøyrrer. Skulen er sjølv ansvarleg for eventuell skyss til aktivitetar/undervisning som blir lagd utanfor det geografiske området til skulen.

## 6.2. Skyss til yrkesfagleg fordjuping/utplassering i bedrift

Kjelde: Opplæringslova § 9-1

Vidaregåande elevar kan ha rett til skyss i samband med faget yrkesfagleg fordjuping og utplassering i bedrift. Det må søkjast om eventuell skyss i forkant.

Skyssretten følgjer dei vanlege reglane for skuleskyss. Det betyr at eleven som hovudregel skal reise med kollektivtilbodet, og at eventuell skyssrett berre gjeld på ordinære skuledagar (ikkje helgar, heilagdaggar eller andre skulefridagar).

Yrkesfagleg fordjuping/utplassering skal primært skje innanfor Telemark fylke. Det blir ikkje utbetalt stønad til buutgifter eller kostutlegg.

## Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

Elevar som har eit skulereisekort, skal bruke dette til/frå yrkesfagleg fordjuping/utplassering. Viss eleven ikkje har eit skulereisekort, men skal reise regelmessig til bedrift, kan det søkjast om eit skulereisekort. Det må reknast med ventetid før/etter arbeidstid.

Elevar som ikkje har eit skulereisekort frå før, og som berre skal reise sporadisk til bedrift, kan søkje om refusjon av utlegg til billetter. Utgifter blir berre refunderte etter rimelegaste reisemåte. Dette inneber at periodekort skal kjøpast dersom det totalt sett er ei rimelegare løysing enn at eleven kjøper enkeltbillett.

Eleven er sjølv ansvarleg for å undersøkje kva som er rimelegast. Det er berre dokumenterte utgifter som blir refunderte.

Viss det manglar kollektivtilbod, må eleven kontakte skulen, slik at skulen kan registrere søknad om skyssgodtgjering for eleven, på den strekninga eller det tidspunktet det manglar kollektivtilbod.

### 6.3. Alternativ opplæringsarena

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om spesialundervisning (juni 2014)

Andre opplæringsarenaer enn skulen kan berre brukast dersom det er heimla i enkeltvedtaket til eleven om individuelt tilrettelagd opplæring.

Elevar som får opplæring utanfor det geografiske området til skulen, kan ha rett på skyss. Eleven skal som hovudregel reise med kollektivtilbodet.

### 6.4. Gjesteelevar

Kjelde: Opplæringslova §§ 28-2, 18-3, 18-5

Ein gjesteelev er definert som ein elev som er teken inn til vidaregåande opplæring i eit anna fylke enn det fylket eleven er folkeregistrert i per 1. januar det kalenderåret skulen startar.

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, skal gi tilbod om vidaregåande opplæring til søkjarar frå andre fylke dersom dei har rett til opplæring etter § 5-1.

Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for elevar som får skuleplass i eit anna fylke enn der dei bur.

Dersom Telemark fylkeskommune betaler elevplass i andre fylke (gjesteelev), er Telemark fylkeskommune ansvarleg for eventuell skuleskyss. Eleven blir innvilga skyss med kollektivtilbodet når avstanden mellom hybel/internat og skule overstig 6 km ein veg.

Elevar som bur på hybel/internat i samband med skulegang i andre fylke, har ikkje rett på skyss heim i helgane.

Ved flytting i løpet av skuleåret må eleven søkje om skyss på nytt.

Gjesteelevar frå andre fylke, som skal gå på skule i Telemark, må vende seg til heimfylket sitt for å søkje om skuleskyss. Det er heimfylket til eleven som gjer vedtak om skuleskyss og dekkjer eventuelle skyssutgifter for eleven.

## **7. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom**

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019

Elevar kan ha rett på skyss som følge av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Dette er regulert i opplæringslova § 9-1, og gjeld utan omsyn til avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Skyssbehov på bakgrunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom må dokumenterast med signert legeattest som tydeleg beskriv skyssbehovet til eleven. Legeattest må leverast, og fylkeskommunen skal gjere vedtak om skyss, før eventuell skyss kan setjast i gang.

Elevar i denne kategorien vil også kunne ha rett til skyss før skuledagen er over, dersom funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen gir behov for det.

Dersom det blir søkt om skyss i samband med kortare skuledagar, må medisinfagleg grunngiving for dette komme tydeleg fram i legeattest.

Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom skal som hovudregel reise med kollektivtilbodet.



## 7.1. Skyss for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Det er ikkje nok at eleven har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom for å få rett til skyss. Det er kor viktig funksjonsnedsetjinga er for moglegheita eleven har til å ta seg fram på skulevegen som skal vurderast.

Det er eit vilkår at funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen er årsaka til at eleven har behov for skyss.

Det er ikkje eit krav om at funksjonsnedsetjinga gjer det umogleg for eleven å gå til skulen. Spørsmålet er om funksjonsnedsetjinga representerer ei byrd ut over det vanlege på skulevegen, og at eleven derfor bør skyssast for å oppfylle retten til opplæring.

Skyssretten er ikkje knytt til om eleven får individuelt tilrettelagt opplæring, men til om funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen gjer det nødvendig med skuleskyss.

Ei funksjonsnedsetjing/diagnose gir ingen rett til at eitt bestemd skyssmiddel skal nyttast. I spesielle tilfelle blir det organisert tilrettelagd skuleskyss med privatskyss/skyssgodtgjering, taxi eller maxitaxi. Tilrettelagd skuleskyss blir berre vurdert i dei tilfella der det er dokumentert at eleven ikkje kan bruke kollektivtilbodet av medisinske årsaker.

## 7.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom

Elev/føresett må ta kontakt med skulen ved behov for skyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom.

Vedtak om mellombels skyss blir berre innvilga for ein kort periode. Dersom skulen er i tvil om eleven har rett til skyss, skal skulen kontakte fylkeskommunen.

Dersom fylkeskommunen finn at skyss er igangsett på feil grunnlag eller at det er bestilt feil type skyss, vil fylkeskommunen inndra eller endre skyssen på dagen. Eit døme på dette kan vere at det er sett i gang skyss med taxi til elevar som kan nytte buss.

### 7.3. Krav om legeattest

Skyssbehov på bakgrunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom må dokumenterast med signert legeattest som tydeleg beskriv skyssbehovet til eleven.

Legeattest må leverast, og fylkeskommunen skal gjerast vedtak om skyss, før eventuell skyss kan setjast i gang.

Manglande eller mangelfull dokumentasjon på skyssbehovet til eleven vil føre til at søknad blir avslått. Det trengst ny, oppdatert signert legeattest for kvar skyssperiode.

Fylkeskommunen har utarbeidd ein standard legeattest til dette formålet, som blir tilrådd brukt. Skjemaet kan lastast ned frå [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss).

Legen kan, om ønskjeleg, forme ut legeattesten i eige skriv, føresett at det blir teke stilling til alle dei punkta/opplysningar fylkeskommunen etterspør i legeattesten sin.

Fylkeskommunen er ikkje bunden av tilrådingane som blir gitt i legeattesten. Det er fylkeskommunen som skal vurdere om den medisinske tilstanden gir rett til skyss.

### 7.4. Busstrening for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Kjelde: Opplæringslova §§ 1-3, 9-1

Mange elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom kan meistre å nytte buss viss dei får hjelp til å trene på dette.

Det kan ha ein stor eigenverdi for eleven å meistre å ta buss med tanke på sjølvstendet og meistringa til eleven av eige liv.

*Dette er i tråd med formålsparagrafen til opplæringslova § 1-3 der det heiter at «Elevane og dei som har læretid i bedrift skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet».*

Forventninga om at det aktivt drives busstrening aukar i takt med alderen og funksjonsnivået til eleven. Det er mogleg å kombinere busstrening med andre skyssordningar.

I tilfelle der reell individuell busstrening er aktuelt, må elev/føresette kontakte skulen eller fylkeskommunen. Det skal liggje føre ein plan for eleven der periode og treningsopplegg blir beskrive. Dokumentasjon blir lasta opp saman med søknad om skyss. Buskort for reell busstrening

Retningslinjer for skuleskyss i vidaregåande skule

blir dekt av fylkeskommunen i tilfelle der den tilrettelagde skyssen til eleven blir avbestilt i tilsvarande periode. Fylkeskommunen dekkjer ikkje «dobbel skyssløysing» for eleven.

Busskort for eventuelle reiser i skuletida må dekkjast av skulen.

## 7.5. Elevar i avlastingsbustad

Kjelde: Opplæringslova § 28-7, tolkingsfråsegn frå Utdanningsdirektoratet 29.06.2015, helse- og omsorgstenestelova § 3-2, Udir-2-2019

Retten til skyss gjeld i utgangspunktet mellom heim og skule. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, som har fått offentleg vedtak om avlastingsopphald, kan i tillegg ha rett på skyss mellom skulen og avlastingsbustaden. Retten til skyss vil ikkje gjelde private ordningar (privat avlastar) som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Når det blir søkt om skuleskyss til/frå avlasting må følgjande dokumentasjon vedleggjast søknaden:

Kopi av vedtak om avlasting

Turnus som viser kva for nokre konkrete datoar eleven skal til/frå avlasting

Ved endring av turnus må det registrerast ny søknad om skyss, god tid i forkant. Saksbehandlingstid må forventast.

Eleven har ingen vilkårslaus rett til å føre med seg ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med avlasting.

## 7.6. Skyss før skuledagen er over

Kjelde: Opplæringslova § 9-1, Udir-2-2019

Elever med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom kan ha rett på skyss ved kortare skuledag, dersom dei som følgje av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom har behov for dette.

Fylkeskommunen stiller eit skjerpa krav til legeattest i slike tilfelle. Legeattesten må innehalde ei medisinsk grunngiving for kvifor eleven ikkje kan ha fulle skuledagar.

## 8. Reisefølgje/ledsager og tilsyn

Kjelde: Opplæringslova §§ 9-2, 12-2, 12-3, 12-4, 28-7, Udir-2-2019

Elevar har rett til reisefølgje/ledsager og tilsyn, der dei treng det.

Tilsynsplikta i vidaregåande opplæring er, på grunn av alderen til elevane, vesentleg mindre enn i grunnskulen. Plikta i vidaregåande opplæring omfattar berre elevar som på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje kan klare seg åleine i ventetida.

Skulen er ansvarleg for å skaffe, organisere og finansiere reisefølgje/ledsager og tilsyn for vidaregåande elevar. Elev/føresette må kontakt skulen ved spørsmål om reisefølgje/ledsager eller tilsyn.

Somme elevar kan ha behov for reisefølgje/ledsager for å få nytta seg av skyssen. Den vidaregåande skulen har ansvar for å opplyse i skyssøknaden om eleven har med seg reisefølgje/ledsager.

Fylkeskommunen krev at elevar som kan ha behov for særskild oppfølging på grunn av helsetilstand og åtferd undervegs i transporten, skal ha med reisefølgje/ledsager. Sjøførar skal ikkje ha ansvar for slik oppfølging.

Elevar som har behov for bistand ved heimen, til dømes på-/avkledning, hjelp i trapper, oppgang eller gardsplass, må få dette av føresette, evt. reisefølgje/ledsager. Tilsvarande må dei tilsette ved skulen, evt. reisefølgje/ledsager, hjelpe eleven ved skulen.

## 9. Andre tema

### 9.1. Utstyr

Kjelde: Fraktvedtekter, vegtrafikkloven § 23, Tolkingsuttalelse frå Udir datert 04.03.2013 «Ansvar for transport av skiutstyr for elevar med rett til skyss»

Ekstra utstyr som ski, akebrett, sykklar etc. kan i somme tilfelle takast med etter førehandsavtale med transportør. Det føreset at det er forsvarleg og at køyretøyet har kapasitet. Alt lausøyre om bord i køyretøyet skal vere forskriftsmessig sikra.

Sjøføren avgjer til kvar tid kva utstyr som forsvarleg kan takast med. Transportøren har inga plikt til å ta med ekstra utstyr.

Dersom skulen baserer opplæringa på at elevane har med seg utstyr heimanfrå, må skulen dekkje ekstraavgiftene dersom det må setjast opp større buss eller nyttast tilhengjar.

## 9.2. Skadar forårsaka av elev

Kjelde: Skadeerstatningslova

Hovudregelen i norsk erstatningsrett er at den som har handla forsettleg (med vilje) eller aktaust (uforsiktig), blir erstatningsansvarleg for det ho eller han har øydelagt. Sjølv om ein er mindreårig, kan ein få erstatningsansvar.

Skadar forårsaka av elev i samband med skyssen, blir ikkje dekte av fylkeskommunen.

Dette gjeld til dømes dersom eleven øydelegg sete, belte eller anna.

## 9.3. Inndraging av retten til skyss

Kjelde: Forvaltningslova § 35

Dersom elevar har fått tilbod om skyss på feil grunnlag, kan fylkeskommunen gjere om vedtaket og inndra skyssretten, til dømes ved kontrollmåling av avstand.

Det same gjeld dersom premissane for skyssen endrar seg, til dømes ved flytting, organisering av nytt busstilbod, m.m.

## 9.4. Streik

Kjelde: Brev frå Kyrkje-, Utdannings- og Forskningsdepartementet 11.11.1996

Fylkeskommunen organiserer ikkje alternativ skyss ved streik blant transportørar eller dei tilsette i skulen.

Elev/føresett får ikkje refundert eventuelle utlegg til alternativ skyss i samband med streik.

## 9.5. Uventa hendingar

Om uventa hendingar skulle hende, er det avgjerande med rask og tett dialog rundt skuleskyssen mellom seksjon kollektiv og mobilitet i fylkeskommunen, skular og transportørar.

Dette kan til dømes gjelde ved stengde vegar, avgrensa framkomme, ras/rasfare, flaum og så vidare, eller andre hendingar som utløyser behov for ekstra beredskap og tiltak rundt skuleskyssen.

## 9.6. Trygt og godt skulemiljø

Kjelde: Opplæringslova §§ 12-2, 12-3, 12-4, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019

Retten elevane har til eit godt psykososialt miljø gjeld også på skulevegen og under skuleskyssen. Elevane skal sleppe å oppleve krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.

Det er presisert i opplæringslova at dersom ein elev ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, har skulen ei plikt til å hjelpe eleven (aktivitetsplikt). Dette kan føre til at det må setjast inn tiltak. Eit tiltak for å hindre til dømes mobbing, kan vere at skulen må setje inn tilsyn på transportmiddelet.

Ordensreglementet til skulen gjeld på skulevegen.

Selskap og sjåførar som utfører skuleskyssen, er ikkje omfatta av reglane om aktivitetsplikt, med mindre dei også har ei anna rolle ved skulen og denne rolla blir omfatta.

Ein sanksjon kan aldri gå ut på å avgrense ein elev sine rettar. Det vil seie at ein elev ikkje kan miste retten til skyss på grunn av til dømes åtferd på skulebussen. Reisefølgje kan vere eit mogleg verkemiddel.

For å sikre det *fysiske* miljøet, må skyssen gjennomførast i samsvar med dei tryggingstandardane som generelt gjeld for offentleg transport (eksempelvis krav til forsvarleg sikring av lause gjenstandar).